



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 27.10.2025

Vår ref.: 202308754-19/202314192-25/202519874-4/202519873-6 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Herman Lange

Johnsen, herj@nve.no / 22 95 98 27

Høring av konsesjonssøknadar i Vik kommune og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke fire konsesjonssøknadar frå Statnett SF, Sygnir AS og Statkraft AS for kraftleidningstiltak i Vik kommune i Vestland fylke. Statnett søker om å byggje ein ny 420 kV kraftleidning frå Ramnaberg til nye Vik transformatorstasjon i Ovrisdalen. Sygnir søker i hovudsak om å overta og byggje om Statnett sin eksisterande 300 kV kraftleidning til 132 kV på strekinga frå Dagshovden til Hove, overta og byggje om Statnett sin transformatorstasjon på Hove til 132 kV, etablere ein 132 kV kraftleidning frå Hove til Refsdal og ny Refsdal transformatorstasjon. Statkraft søker om endra tilknytning til kraftnettet for Hove, Refsdal og Målset kraftverk.

Dei fire søknadane sendast med dette på ei felles høring. Høyringsfristen er sett til 7. januar 2026. NVE gjer merksam på at dette er ein lengre høyringsfrist enn vanleg. Vi legg derfor til grunn at det vil vere mogleg å levere høyringsfråsegn innan fristen.

Søknadane er tilgjengelege på NVE sine internettsider:

- Statnett: www.nve.no/16091/A
- Sygnir: www.nve.no/16121/A
- Statkraft (Hove kraftverk): www.nve.no/25810/A
- Statkraft (Refsdal og Målset kraftverk): www.nve.no/25797/A

Invitasjon til orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter 3. desember

NVE vil, som tidlegare avtalt med Vik kommune, halde fysisk orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter onsdag 3. desember 2025 kl. 09.00. Vi håpar på brei deltaking både frå politisk leiing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. Representantar frå Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er med dette invitert til dette møtet. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Statnett, Sygnir og Statkraft vil vere representert og orientere om planane.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE held òg **offentleg møte onsdag 3. desember 2025 kl. 19.00**. Møtet finn stad på Blix hotell i Sentrumsgata 44.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 7. januar 2026

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner via sakas nettside (sjå lenke over)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202308754 (Statnett), 202314192 (Sygnir), 202519873 (Statkraft Hove kraftverk) eller 202519874 (Statkraft Refsdal og Målset kraftverk) i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lang, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett, med mindre dei inneheld teiepliktig informasjon.

Informasjon til Vik kommune

Vi ber om at kommunen legg ut søknadane til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentlig ettersyn og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vi ber vidare kommunen leggje søknaden og informasjon om det offentlege møtet ut på sine internettsider og ev. sosiale medium, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

Søknaden

Statnett

Statnett søker om konsesjon etter energilova for å byggje ein ny om lag 23 km lang 420 kV kraftledning frå Ramnaberg til nye Vik transformatorstasjon i Ovrisdalen slik som vist i figur 1 og figur 2 nedst i dette brevet. Tiltaka vil erstatte Statnett sin eksisterande 300 kV ledning på same strekning og anlegga deira i Hove og Refsdal stasjonar. Statnett søker difor òg om å rive dagens 300 kV ledning og Refsdal stasjon. Sygnir søker om konsesjon for å overta denne ledningen og den vil ikkje bli rive om dei får lov til dette.

NVE gjer merksam på at 300 kV ledningen Statnett søker om å rive inngår i et av NVE sine listeførte kulturminner – 300 kV Refsdal–Fardal (ID 227231).

Statnett søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje, eige og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til utbetringar av fylkesveg 5600, 5601, Elvegata, siste del av tilkomstvegen inn til stasjonsområdet og all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Sygnir

Sygnir søker om konsesjon i medhald av energilova for å overta og byggje om Statnett sin 300 kV leidning frå Dagshovden til Hove til 132 kV. Dei søker òg om å overta Statnett sin 300 kV transformatorstasjon på Hove og byggje denne om til 132 kV. Vidare søker dei om å etablere ein ny 132 kV leidning frå Hove til ny Refsdal transformatorstasjon ved sida av Statnett sin planlagde transformatorstasjon. Dei ønskjer primært å overta og byggje om Statnett sin 300 kV leidning til 132 kV på denne strekninga, alternativt å byggje ein heilt ny leidning rett nord for Statnett si nye 420 kV leidning. Sygnir planlegg vidare å overta Statkraft sin 66 kV leidning frå Hove til Refsdal og drive denne på 22 kV i medhald av sin områdekonsesjon. Dei ønskjer òg å rive 66 kV leidningen mellom Njøs og Hove og dagens 66 kV anlegg i Hove stasjon. Tiltaka Sygnir søker om er vist i figur 3.

Sygnir søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje, eige og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Sygnir om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Statkraft

Statkraft søker om konsesjon i medhald av energilova for endringar i nettanlegga til Hove, Refsdal og Målset kraftverk.

Statkraft planlegg å byggje om dei elektriske anlegga i Hove kraftverk til 132 kV med tilknytning til Hove transformatorstasjon som Sygnir har søkt om å overta. Statkraft søker ikkje om ekspropriasjonsløyve for disse anlegga.

Statkraft søker vidare om konsesjon for å knyte Refsdal og Målset kraftverk til Sygnir sin nye Refsdal transformatorstasjon. For disse tiltaka søker Statkraft òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje, eige og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statkraft om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Spørsmål om saka?

Spørsmål om tiltaka kan de rette til Statnett ved prosjektdirektør Kenneth Teigenes, tlf. 45 02 27 27, e-post kenneth.teigenes@statnett.no, Sygnir ved prosjektleiar Thorleiv Hurthi, tlf. 419 15 843, e-post thorleiv.hurthi@sygnir.no eller Statkraft ved prosjektleiar Nils Westerheim, tlf. 952 81 089, e-post nils.westerheim@statkraft.com. Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/Herman Lange Johnsen, tlf. 22 95 98 27 eller e-post herj@nve.no.

Med helsing

Tor Carlsen

fagleiar

Herman Lange Johnsen

seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

VIK KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE


Kopimottakarliste:

STATNETT SF
STATKRAFT AS
SYGNIR AS



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat




Figur 1: Oversiktskart ny 420 kV kraftledning Ramnaberg–Vik. Kjelde: Statnett sin konsesjonsøknad.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat




Figur 2: Detaljkart ny Vik transformatorstasjon. Kjelde: Statnett sin konsesjonssøknad.



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat



Figur 3: Oversiktskart over planlagde tiltak. Kjelde: Sygnir sin konsesjonssøknad.